

Bø mållag

Årsmelding 2012

Årsmøtet for 2011 blei halde 9. februar 2012 på Meierismuget kafé. Det var 11 medlemmer med røysterett til stades.

Styret har vore samansett slik etter årsmøtet:

Leiar:	Bjørn Seljebotn (2012)
Nestleiar:	Margit Ims (2012 og 2013)
Kasserar:	Dag Hallvard Østtveit (2012)
Skrivar:	Aase Marie Ulberg (2012 og 2013)
Styremedlem:	Eiliv Astad (2011 og 2012)
Vara:	Olav Rovde (2012)
Vara:	Torhild Aavik (2012)

Styret har hatt 8 møte i 2012 og har behandla 61 saker. Laget hadde 71 medlemmer ved årsskiftet, ein auke på 11.

Torhild Aavik og Bjørn Seljebotn representerte Bø på Telemark Mållag sitt årsmøte 4. mars. Margit Ims og Bjørn Seljebotn var utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag 19. - 21. april.

- **Norsk Barneblad til barneskulane.** Mållaget held fram med å gi årsabonnement til alle 5.-klassingar i Bø.
- **Nynorsk skrivekonkurranse.** I samarbeid med ungdomsskulen arrangere mållaget nynorsk skrivekonkurranse, med premiar og ekstern jury. Nær 20 ivrige elevar deltok. Skulen har bedt om ein tilsvarande konkurranse i 2013.
- **Lugarkveld.** Det var tilnærma fullt hus på Pizzafjoset 3. mars med lugarane Halvor Kleppen, Sveinung J. Børte, Torstein Lindheim og muskar Kjetil Kaarstein.
- **Barnehagane.** Over 20 representantar for tilsette ved alle barnehagane i Bø var med på inspirasjonssamling i Folkestad barnehage, der Jorid Vale og Kirsten Linnea Kruse informerte og inspirerte til bruk av nynorske bøker og songar. Alle barnehagane fekk utdelt gratis bokpakkar og CD-ar frå mållaget.



- **Informasjonsskriv til foreldre.** I samband med innskriving av førsteklasingar har styret delt ut informasjonsskriv som motiverer foreldre til å velje nynorsk som målform for eleven.
- **Skulebiblioteka.** Styret har etter søknad løyvd kr 3000 til biblioteket ved Folkestad skule og dekkjer utgifter til medlemskap i Blåmann barnebokklubb ved båe grunnskulane.
- **Lesegruppe på biblioteket.** Mållaget har teke initiativ til å arrangere månadlege samlingar på biblioteket med høgtlesing av nynorske barnebøker for førskuleborn.
- **17. mai.** Mållaget hadde representant i 17. mai-komitéen og samarbeidde med politiet om dirigering av trafikken då russetoget gjekk.
- **Samarbeid med andre mållag.** Fylkesmållaget har teke initiativ til å samle representantar frå dei ulike mållaga til halvårlege inspirasjons- og samrådsmøte. Bø mållag har vore representert på samlingane. Det har dessutan vore samarbeid med Nes mållag i førebuing av Språkåret 2013.
- **Aksjon for nynorske annonsar.** I samarbeid med Bø blad har mållaget oppretta ei teneste for næringsdrivande som treng hjelp til å annonsere på nynorsk i avisa. Førebels er dette ei gratisteneste som blir gjort på dugnad.
- **Kveldsseminar om ny rettskriving.** Jon Bjones var forelesar på eit kveldsseminar om ny nynorsk rettskriving, som blei innført 1. august. Dei frammøtte fekk ein interessant og nyttig gjennomgang av endringane.
- **Målblomen til stadnamngruppa i Eikjabygda vel.** Stadnamngruppa har lagt ned eit stort arbeid for å sikre lokale stadnamn og Bø-dialekten. Arbeidet er presentert på informasjonstavler, digitale kart og heimeside.
- **Salsverksemd.** Bøgradestokken frå 2007 er framleis ei god inntektskjelde for laget. Boka Gyrestolen har det gått lite av. Mållaget stilte på Bø torg på marknadsdagen i mai. Julehefte blei selt på julemessa på Bø museum og av fleire barn.
- **Satsing på Dag Bondeheim.** Dag Bondeheim i Skien utfordra mållaga i fylket til aksjekjøp for å betre likviditeten og leggje grunnlag for opprusting og framtidig drift. Styret valde å følgje Noregs mållag og Telemark mållag i denne saka og vedtok å kjøpe 10 aksjar.

Styret for Bø mållag, januar 2013

Årsmøtesaker

1. Opning av årsmøtet.
2. Godkjenning av sakliste og innkalling.
3. Val av ordstyrar og skrivar.
4. Godkjenning av årsmelding for 2012.
5. Lokallagskontingent for 2014.
6. Godkjenning av rekneskap for 2012 og budsjett for 2013.
7. Val etter vedtektene ved valnemnda
8. Val av utsendingar til årsmøtet i Telemark Mållag 6. april og landsmøtet i Noregs Mållag 19. - 21. april 2013.
9. Bø mållag søker om å bli mottakar av overskotsmidlar frå bingodrifta i Bø frå 2014.
10. Vedtektsendring. Sjå vedlegg, der forslag til endringar er utheva. Gjeldande vedtekter på <http://bo.nynorsk.no>.
11. Fråsegner.

20.30: Innleiing til samtale om Språkåret 2013 ved leiar Inger Johanne Sæterbakk.

Velkomne!



Bø mållag

Innkalling til årsmøte

Torsdag 7. februar 2013
kl. 19.00 på Meierismuget kafé



Utdeling av målblomen 2012. Foto: Bø blad